

Sakshandsamar:

Endre Høgalmen
E-post: endre.hogalmen@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 65

Vår ref.

Sak nr.: 14/7258-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

39122/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 04.12.2014

Nærings- og fiskeridepartementet

Høring - fjordlinjer - avgrensing i storleik for fartøy

Vi takkar for utsett høyringsfrist. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudutval for plan og næring har følgjande fråsegn:

1. Fylkeskommunen meiner at forslaga har store negative konsekvensar for næringsutøvarar i vårt fylke, og fører til at fiskarar frå fylket kan bli hindra i eit fiske dei har drive i generasjonar.
2. Fjordlinene bør opphevast for fiske etter vandrande pelagiske og konvensjonelle bestandar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner linefiske/båtstorleik ikkje må avgrensast med 10 000 krok per døgn, men tilpassast det enkelte fartøy. Moderne båtar med automatiske lineegnemaskiner treng gjerne det dobbelte.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser eit stort behov for at alle dispensasjonar bør vidareførast, og fartøystorleiken bør vere som i dag 28 meter eller som eit kystfartøy med lastekapasitet på 500 m³.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Nærings- og fiskeridepartementet